



Terje Ledahl

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/43 - 15/588

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

12.01.2015

Referat frå orienteringsmøte 06.01.2015- Ombygging av gamle Vestbygd skule/barnehage

Til stades: Terje Ledahl, tiltakshavar Skarsvåg og prosjekterande for tiltaket.
Frå kommunen: Tore-Johan Erstad og Merethe Tvedt

Ansvarleg søkjar Terje Ledahl låg fram teikningane av prosjektet. Tiltaket omfattar ombygging av eksisterande bygg (gamle Vestbygd skule/barnehage) til 8 bueiningar. Gbnr 8/5 på Vollo.

Administrasjonen refererte til UDU-vedtak 071/13 med møtedato 15.10.2013 om bruksendring frå skule/barnehage til to bueiningar med vilkår:

«UDU-071/13 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Utval for drift og utvikling gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluft) i kommuneplanen sin arealdel, for planlagd bruksendring av gbnr. 8/5 i Meland kommune, jf. søknad om dispensasjon stempla motteke 30.7.2013 og vedlagte situasjonskart motteke same dato.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår, jf pbl § 19-2 første ledd:

– Dispensasjonen omfattar bruksendring til bustadforemål for inntil to brukseiningar, eventuelt kombinert med næringsforemål tilknytt ei av bueiningane, innanfor eksisterande bygningsmasse og med tillegg av naudsynt parkering og uteoppfallsareal.

– Kvar bueining skal ha parkeringsdekning for minst to bilar. Ved søknad om bruksendring til kombinert bustad- og næringsforemål vil det i tillegg kunne bli stilt krav om

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

parkeringsdekning tilpassa behova til næringsdrifta.

– Kvar bueining skal ha minst 250m² leike-/uteopphaldsareal. Ved søknad om bruksendring til kombinert bustad- og næringsføremål kan administrasjonen under handsaminga av slik byggesak likevel vedta at andre krav til uteopphaldsareal skal gjelde. Det same gjeld dersom det vert søkt om bueiningar med vesentleg ulik storleik.

– Det vert elles vist til dei tekniske krav som vert stilt til byggjetiltak gjennom kommuneplanen sin arealdel og Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

– Søknapliktige tiltak kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve til dette etter pbl. kap. 20.

Dispensasjonen fell vekk dersom denne ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. § 21-9.»

I møte blei det sagt frå administrasjonen at prosjektet er avhengig av ny dispensasjon. Då tidlegare dispensasjon gjaldt berre to einingar. Ansvarleg søkjar må klargjere at bygget kan utbyggast med 8 bueiningar i forhold til teknisk krav, brannteknisk, krav til uteopphaldsareal, parkering m.m.

Administrasjonen har i ettertid drøfta tiltaket med planavdelinga, og har saman komen fram til at tiltaket bør regulerast gjennom plan.

Ansvarleg søkjar kan ta kontakt med planavdelinga på tlf: 56 17 11 74 eller 56 17 11 73 for bestilling av formøte.

Med helsing

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
uduvedtak07113